

Fra: Vikane Grethe
Sendt: fredag 14. september 2018 05.36
Til: jostein.ljones@kvam.kommune.no
Cc: Svåsand Ole Endal; Øyre Lars; Bente Utne; John Martin Jacobsen
Emne: Oppfølging hending E16 og omkøyning Fv 7
Vedlegg: brev frå Jostein Ljones 31 08 18.pdf

Til Ordføreren i Kvam herad

Statens vegvesen viser til møte 11.september og brev dagsett 31.08.2018

29.august kl 2240 gjekk det eit steinsprang på E16 ved Kluftafjelltunnelen. E16 vart stengt i påvente av synfaring med geolog, og deretter utføre naudsynt sikring av fjellside. Geolog var på plass 0800 30.august. Spyling med helikopter, reinsking og opprydding var naudsynt. Sikring var utført og E16 opna kl 1545.

Statens vegvesen har fokus på handtere hendingar som oppstår på vegnett sikre og tilbakeføre til normal tilstand. I tillegg er det alltid fokus på trafikkavvikling.

Når akutte stengingar oppstår på E16, har Statens vegvesen ein beredskapsplan som skal iverksette tiltak på omkøyringsveg Fv.7.

Beredskapsplanen for omkøyning på Fv. 7 har to trinn, i første trinn skal vi ha dirigentar ut i kryss ved Granvin, Fykkesund og Kvanndal, og i andre trinn skal vi ha leiebilkjøring mellom Fykkesund og Granvin. Den 29.august er ikkje tiltaka utført i henhold til beredskapsplan

Etter hendinga 29.august og omkøyning via Fv7 i tidsrommet 2240–1545 vart det store trafikkaviklingsproblem frå kl 11.

Statens vegvesen endrar som følge av dette vår beredskapsplan, slikt at nødvendig mannskap og utstyr skal stå i beredskap på dei avtalte oppstillingsplassane. Ein oppnår rask responstid og kan raskt iverksette kolonnekjøring ved endring i trafikkbiletet.

Statens vegvesen har oppfølging med våre entreprenørar for å sikre at planverk for beredskap er implementert hjå alle.

Statens vegvesen vil også vurdere tiltak med varialbel skilt i områet.

Vi beklager forsenking for trafikantene på Fv.7 på denne dagen, slik skal det ikkje være.

Med helsing
Grethe Vikane

Vegavdeling Hordaland

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Mobil: +47 97676968 **e-post/Skype:** grethe.vikane@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?



Hordaland fylkeskommune Samferdselsavdelinga

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
16/450-8/N - 124/JOLJ

Dykkar ref.

Dato:
31.08.2018

FV7 Som omkjøringsveg for E16

Onsdag 29 august gjekk det eit steinras på E16 som førde til ei lengre stenging av E16 mellom Bergen og Voss. Når E16 vert stengt fører ikkje uventa dette til store trafikale problem på omkjøringsvegen FV7. problemet er kjent etter fleire slike hendelsar dei seinare åra. Behovet for strakstiltak som dirigering av trafikken, eventuellt kollonnekjøring er difor tilstades straks E16 er stengt.

I dette tilfelle gjekk raset om kvelden 29.august store trafikaleproblem oppsto 30. august ca kl 1100. ved Kvandal. Det kritikkverdige er at det ikkje vart sett inn dirigering av trafikken tidleg nok til å forhindra situasjonen.

Problemstillinga har Ordførar/ Heradet drøfta med HFK og SVV ved fleire høve der det er peikt på problemet og behovet for dirigering av trafikken når E16 er stengt. Det er blitt lova dirigering og betre skilting med elektroniske skilttavler med mogleheit for alternativ rutetilvisning via Tørikbygd -Jondal og Gjemundshavn – Årsnes.

Dei gjentakende hendelsane på E16 med ras og ulykker dei seinare åra viser behovet for tiltak på omkjøringsvegen FV 7.

Ordførar ynskjer møte med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen for å gjennomgå nødvendige tiltak som kan betre situasjonen.

Helsing

Jostein Ljones
Ordførar
Telefon: 56553011

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Samferdselsavdelinga Statens vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER